



Aslaug og Henrik Lyse har trappa ned, men ikkje med morelldyrkinga i mindre målestokk!

Solheim Turiststasjon er ei høgt verdsett verksemd i Uskedalen men sidan i mai har den trappa ned tilbodet sitt. Det har ein naturleg samanheng med at vertskapet Aslaug og Henrik Lyse snart er å rekna som pensjonistar sjølv om dei framleis står på. Det har dei no gjort sidan i 1985, med andre ord i 27 år.

Det som er skjedd er at dei har redusert tilbodet til berre å omfatta overnatting og frukost. Møter og tilstelningar av ymse slag seier dei no nei takk til og det utløyser mange beklagande reaksjonar frå trufaste kundar gjennom mange år.

- Og kva så med kundane, kva gjer dei?

- Framfor alt er også vi glade for at bygda har fått ei så framifrå 'matmor' som Elin Enes. Det var ein vellukka 'timing' utan at den var planlagt. Uskedalen har framleis et godt tilbod både med omsyn til servering og samvær. No skjer det meir både i Helgheim, Systrene Nilsen og Gamleskulen. Det er positivt og rett at ein ny generasjon slepp til.

- Men kva så med Solheim i framtida - kven skal ta over her?

- Det får vi koma attende til, svarar det populære vertskapet på Solheim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen